

Utval: KIKS - Styret
Møtestad: Hotell i Tromsø
Dato: 23.08.2017
Tid: 16:00

Forfall meldast til utvalssekretær Anne Liv Lidtveit som syter for innkalling av varamenn.
Varamenn møter berre ved spesiell innkalling.

Innkalling er sendt til:

Namn	Funksjon	Representerer
Mari Mykland	NESTL	
Jon Rolf Næss	MEDL	
Torhild Bransdal	MEDL	
Terje Damman	LEDER	
Svein Arne Jerstad	MEDL	
Torunn Ostad	MEDL	
Jon-Olav Strand	MEDL	

Styremøte i samband med LVK-landsmøte i Tromsø

Terje Damman
styreleiar

Glenn Qvam Håkonsesn
dagleg leiar

Saksnummer	Innhald
PS 139/17	Godkjenning av møteprotokoll
PS 140/17	Referatsaker
RS 25/17	Status hydrologi
RS 26/17	Søksmålsvarsel - AEVK mot OED
RS 27/17	Oppfølging av spørsmål frå styreleiar frå sist møte
PS 141/17	Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning
PS 142/17	Status strategiplan
PS 143/17	Drøftingssaker
DR 16/17	Oppstart strategiarbeid - notat til styremøte 23. mai 2017
DR 17/17	Styret sitt arbeid med strategiplan 2018-2023

PS 139/17 Godkjenning av møteprotokoll

PS 140/17 Referatsaker

RS 25/17 Status hydrologi

Staten ved Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep

0033 Oslo

Dato: 14.08.2017

Vår referanse: 620806/v1

Ansvarlig advokat: Jan Petter Horn

Vilkår om konsesjonskraftpris - varsel om søksmål etter tvisteloven § 5-2.

Det vises til kgl.res. 6. desember 2013 om ytterligere regulering av Skjerkevattn og kgl. res. 3. februar 2017 om de såkalte Åseralsprosjektene. I disse vedtakene har Olje- og energidepartementet ("OED") bestemt at både den økte kraftmengden som innvinnes etter nye konsesjoner og kraftmengder som allerede er innvunnet etter eksisterende konsesjoner, som har vært gjenstand for revisjon, skal leveres til såkalt OED-pris. Prisivilkåret i de eksisterende konsesjonene har fram til OEDs vedtak vært individuell selvkost, hvilket er i samsvar med vassdragsreguleringsloven § 12 nr. 15 femte ledd.

Agder Energi Vannkraft AS ("AEVK") anser at ordlyden i ovennevnte lovbestemmelse må forstås slik at OED ved revisjon av konsesjonsvilkår ikke har kompetanse til å endre prisvilkåret fra individuell selvkost til OED-pris. Dette gjelder både ved alminnelig revisjon av konsesjonsvilkår og i forbindelse med såkalte kombinasjonssaker, dvs. saker der det gis ny konsesjon i kombinasjon med at vilkår i en eksisterende konsesjon blir endret.

AEVK tolker konsesjonsmyndighetens forvaltningspraksis i kombinasjonssaker slik at i de sakene der konsesjonsmyndigheten har tatt aktivt stilling til prisvilkåret, har man forholdt seg til begrensningen i vassdragsreguleringsloven § 12 nr. 15 femte ledd.

Videre anser AEVK at innrettelseshensyn må veie mer enn eventuelle administrative forenklinger hos konsesjonsmyndighetene ved å slå sammen prisvilkårene i kombinasjonssaker.


AEVK kan ikke se å ha fått en rettslig holdbar begrunnelse for OEDs standpunkt om at det er adgang til å endre prisvilkåret i forbindelse med såkalte kombinasjonssaker. Slik begrunnelse er verken gitt i OEDs brev av 30. mars 2015 til Advokatfirmaet Lund & Co. og Advokatfirmaet Thommessen eller i møtet mellom AEVK og OED den 24. april 2017.

AEVK gjør gjeldende at prisvilkåret for konsesjonskraft som leveres i henhold til konsesjoner som ble revidert i forbindelse med kgl.res. 6. desember 2013 og kgl. res. 3. februar 2017 er ugyldig. Konsekvensen av dette er at bare økt kraftmengde som innvinnes etter nye konsesjoner skal leveres til OED-pris. Konsesjonskraftleveranser med grunnlag i reviderte konsesjoner skal leveres i henhold til opprinnelige konsesjonsvilkår. AEVK legger til grunn at OED har oversikt over hvilke konsesjoner dette dreier seg om.

AEVK ber OED ta stilling til kravet. Dersom OED opprettholder sitt standpunkt, ber AEVK om at departementet klargjør det rettslige grunnlaget for sin rettsoppfatning.

Vi imøteser snarlig svar.

Med hilsen
Agder Energi



Tom Nysted
Styreleder
Agder Energi Vannkraft AS



Jan Petter Horn
Advokat
Agder Energi AS

Fra: Glenn Qvam Håkonsen (glenn.hakonsen@konesjonskraft.no)

Sendt: 16.08.2017 10.52.19

Til: Arne Tronsen; Anne Liv Lidtveit

Kopi:

Emne: Fwd: VS: Søksmålsvarsel

Vedlegg: Skannet dok17081412550.pdf;ATT00001.htm

Fra: "Horn, Jan Petter" <Jan.Petter.Horn@ae.no>

Dato: 16. august 2017 kl. 10.50.17 CEST

Til: Glenn Qvam Håkonsen (glenn.hakonsen@konesjonskraft.no) <glenn.hakonsen@konesjonskraft.no>

Emne: VS: Søksmålsvarsel

Til info.

Vi snakkes.

Med vennlig hilsen

Jan Petter Horn | advokat | seniorrådgiver

jan.petter.horn@ae.no tlf +47 905 27059

Agder Energi AS

Postboks 603 Lundsiden | 4606 Kristiansand

tlf: +47 38 60 70 00 | fax: +47 38 60 70 01

www.ae.no

God kraft. Godt klima.

Fra: Horn, Jan Petter

Sendt: mandag 14. august 2017 12.58

Til: 'postmottak@oed.dep.no' <postmottak@oed.dep.no>

Emne: Søksmålsvarsel

Viser til vedlagte brev som er postlagt herfra i dag.

Med vennlig hilsen

Jan Petter Horn | advokat | seniorrådgiver

jan.petter.horn@ae.no tlf +47 905 27059

Agder Energi AS

Postboks 603 Lundsiden | 4606 Kristiansand

tlf: +47 38 60 70 00 | fax: +47 38 60 70 01

www.ae.no

God kraft. Godt klima.

Fra: jan.petter.horn@ae.no [<mailto:jan.petter.horn@ae.no>]

Sendt: mandag 14. august 2017 12.56

Til: Horn, Jan Petter <Jan.Petter.Horn@ae.no>

Emne: Message from KM_C308

RS 27/17 Oppfølging av spørsmål frå styreleiar frå sist møte

PS 141/17 Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning

PS 142/17 Status strategiplan

PS 143/17 Drøftingssaker

Til:

Konsesjonskraft IKS - Styret

Vår ref:
2017/20-2

Sakshandsamar:
Anne Liv Lidtveit, 37937526
all@konsesjonskraft.no

Arkivkode:

Dato:
18.05.2017

Oppstart strategiarbeid - notat til styremøte 23. mai 2017

Gjeldande strategiplan og etiske prinsipp er vedtatt i representantskapet juni 2015. Planen gjeld for perioden 2015-2020, men skal samtidig reviderast ein gong per kommunestyreperiode. Det betyr at den i løpet av 2018-2019 bør reviderast for denne perioden.

Ein ønskjer allereie nå å sette i gong tankane til styret rundt selskapet; kor vi er, kor vi vil? Kva skal vi jobbe med, kva skal vi prioritere?

Grovt sett kan vi dele inn framtidsscenario i tre; vere som i dag, utvide geografisk, og utvide tenestemenyen. Her må styret ha ei meining om kva vi vil, på kort og på lengre sikt.

«Konsesjonskraft IKS skal vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane»

Eller?

Dei seinare åra har ein sett ein nedgang i kraftprisane, og med det også nedgang i inntektene til kommunane. Aldri har det vore viktigare å treffe på sikringshandlane, aldri har det vore viktigare å fylgje med i marknaden, og aldri har det vore viktigare å vakte rettane slik at ein sørger for at kommunane får dei inntektene dei har rett på.

For å klare målsettinga er kompetanse nøkkelordet. Spørsmålet er korleis ein best skal kunne ivareta kompetansen i administrasjonen, i styret, representantskapet og ikkje minst i kommunane generelt. Vi ser at konsesjonskraft er blitt nedprioritert dei siste åra. Kanskje kjem det av at inntektene har gått ned og det ikkje er like moro lenger når kommunekassene ikkje fyllest opp på same måten som før? Kanskje har det med at Regjeringa lanserte ein kommune- og regionsreform som vi veit og forstår har tatt mykje tid? Kanskje har det å gjere med at KIKS rett og slett er blitt for flinke i jobben sin, og at konsesjonskraft på ein måte «går på autopilot» rundt om i kommunane?

Måten KIKS er organisert på kan nærmast gi inntrykk av at det er selskapet som har konsesjonskraftretten, men at pengane tilfell kommunane. Dette er heilt feil. Det er kommunane og fylkeskommunane som eig retten til konsesjonskraft – vi berre forvaltar den.

Det moroaste vi i administrasjonen veit er konsesjonskraft, både den operative og den juridiske og politiske sida av konsesjonskrafta. At det er kult å selje kraft for millionar kvar veke, er ikkje noko vi tenker så mykje på. Det vi sel, er velferdsproduksjon for kommunane. Og derfor veit vi at vi er viktige for deltakarkommunane våre, trass i at inntektene har gått ned dei seinare åra.

Kva må så til for at Konesjonskraft IKS skal vere viktig også i framtida? Kva skal til for at KIKS er ein attraktiv kompetansearbeidsplass også etter denne kommunestyreperioden? Kva skal til for at vi på best muleg måte kan hjelpe og bidra kommunane i konesjonskraftspørsmål? Kva ønskjer deltakarane? Og kva treng deltakarane?

Glenn Qvam Håkonsen
Dagleg leiar

**Til:**Styret KIKS

Vår ref:
2017/20-4Sakshandsamar:
Anne Liv Lidtveit, 37937526
all@konesjonskraft.no

Arkivkode:

Dato:
18.08.2017

Styret sitt arbeid med strategiplan 2018-2023

Innspel frå KIKS-administrasjonen til strategiplan 2018-2023

Generelle erfaringar frå dagens strategiplan

Dei tilsette i KIKS opplever dagens strategiplan som god. Målet om å vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane er ambisiøs, men han signaliserer også at dette er ein arbeidsplass kor ein får faglege utfordringar og stort ansvar for å vere med på å nå dette målet.

Verdiane (truverde, kvalitet og tryggleik) ligg i ryggmargen og står støtt i det daglege arbeidet. Dei etiske prinsippa er kopla fint opp mot verdiane. Spesielt punktet om å stå fram ope, påliteleg og transparent blir sett på som svært positivt og styrkar omdømmet på ein god måte.

Av delmåla så er det i det daglege mest fokus på å sikre deltakarane pårekelege og gode inntekter (vakte og forsvare rettane og føre verdien attende til deltakarane). Det krev høg kompetanse og målretta arbeid over tid, og kompetansen til KIKS om vassdrag og konsesjonar har gitt kommunane den krafta dei har krav på til rett pris. Kraftmarknaden er noko av den mest volatile (høge svingingar i pris) marknaden som fins, og det kan skilje millionar av kroner frå ei god til ei dårleg avgjerd. Difor blir det vurdert som svært viktig at KIKS har ressursar til å kunne ha fokus på dette.

Arbeidsområdet til KIKS er fagleg spanande og av interesse og nytte for andre, difor har det i eksisterande strategiplan vore fokus på å byggje kompetanse i alle ledd.

Undervisningsopplegget har blitt spissa og det er inngått eit samarbeid med Ungt Entreprenørskap. Her har KIKS motteke mykje positive tilbakemeldingar og administrasjonen meiner vi har funne eit nivå og ein ressursbruk som er god på dette prosjektet. Det er halde seminar for deltakarane og presentasjonar i kommunestyre. Administrasjonen meiner det er viktig at KIKS nyttar mykje ressursar på informasjon og er tilgjengelege for kommunane, både politisk og administrativt.


I arbeidet med konsesjonskraft opparbeider organisasjonen seg kompetanse som også kan nyttast i andre høve hos deltakarane. Difor har eksisterande strategiplan opna for å utvide tenestemenyen og administrasjonen har det siste året saman med studentar som skriv bacheloroppgåve på UiA kikka på eigedomsskatt. Det har vore ei lærerik og positiv erfaring.

I 2014 vart Vest-Agder med i KIKS. Det har vore ein del arbeid med implementering og samkøyring, men frå fyste stund såg ein positiv effekt på kostnadane for deltakarane. Generelt har kostnaden for kommunar i Aust-Agder gått ned med over 30 % frå 2014. Ei vidare auke i konsesjonskraftvolum vil redusere kostnaden ytterlegare då det er fint mogleg for dagens administrasjon å handtere meir konsesjonskraft. I juni var administrasjonen i møte med telemarkkommunar kor KIKS blei presentert. Administrasjonen har presentert modellen til KIKS og meiner at det er ein god modell å forvalte konsesjonskrafta på, men har samstundes vore open på at dei ikkje har nokon formeining om KIKS skal utvidast eller kopierast. Basert på tilbakemeldingar frå Telemark, kan ein forvente at det skjer noko der utover hausten 2017 og dette bør styret i KIKS vere førebudde på.

Innspel frå administrasjonen til arbeidet med ny strategiplan

Generell organisering og omfang

I konsesjonskraftverda er det eit grensesnitt mellom kommunar, fylkeskommunar, KIKS, LVK og Kraftfylka. Viss ein sit på kvar si tuve og satsar på at kvar og ein gjer jobben sin kan ting falle mellom to stolar og deltakarane til KIKS går då glipp av verdiane. Eit kart som reduserer ein slik risiko og aukar sannsynet for å take vare på verdiane, kan sjå slik ut:



Dei mørkeblå felte syner kor kompetanse/arbeidsoppgåver er i begge organisasjonar. For å take vare på verdien er det viktig med litt overlapp, men blir det for stort mørkeblå felt så kan det vere at det nyttast for mykje ressursar totalt sett. Difor må ein strategiplan til KIKS ta omsyn til korleis dei andre utviklar sin kompetanse/sine arbeidsoppgåver. Administrasjonen meiner strategiplanen må omtale korleis KIKS skal arbeide for å ivareta grensesnittet mellom partane.

Ressursar til å handtere daglege driftsoppgåver

Viss ein ser på kjerneoppgåvene til KIKS, så er organisasjonen sett opp til å gjere ein del sjølv, i tillegg til å kjøpe eksterne tenester (juridisk, hydrologi, rekneskap, revisor, controller). Noko vert kjøpt for å få betre faglig kompetanse (juridisk og hydrologi), noko vert kjøpt fordi

det har vore vurdert som rimelegare (rekneskap) og noko er kjøpt fordi det må kjøpast (revisor). Det er og viktig å vurdere risikoen, altså sårbarheten i å gjere ting sjølv kontra å kjøpe tenester. Det vil heile tida vere ei vurdering av kva som er best for KIKS og administrasjonen vurderer med dagens struktur å gjere meir «in-house», dvs utføre fleire basisoppgåver sjølv og heller kjøpe spesifikke faglege tenester og andre ting som må kjøpast. Døme her er meir arbeid på KIKS sin side med rekneskap, KIKS sjølv utarbeider årsmelding for å spare ekstrakostnadar hos revisor, KIKS gjer controllerfunksjonen sjølv, nytte meir basiskompetanse på hydrologi mm. Vurderingane her vil vere så vel økonomisk motiverte (totalkostnad for KIKS) som praktisk motiverte (kva er best for KIKS og kva er fallgruvane).

Kompetansedeling

KIKS = kompetansehub. KIKS er fagleg sterke på område der kommunane har vanskeleg for å ha kontinuitet, då det ofte ligg på enkeltpersoner og er avhengig av dei som er litt «nerdete». Administrasjonen har positive erfaringar med å hjelpe kommunar som kjem med kraftrelaterte spørsmål. Vi kan ofte svare og i det minste peke i rett retning på kva som bør gjerast vidare. Det held oss skjerpå og hever egen kompetanse som er viktig for å utføre kjerneoppgåvene.

Tenestemeny

Skal KIKS utføre fleire oppgåver for kommunane? Skal KIKS vere det naturlige kontaktpunkt på kraftrelaterte spørsmål?

Geografisk utviding

Administrasjonen har veldig trua på modellen KIKS arbeider etter. Men bør selskapet utvidast eller modellen kopierast?

Forslag til framdriftsplan

23.08.2017 – Styremøte. Saksframlegg frå dagleg leiar om strategiarbeid. Diskusjon i styremøte.

29.09.2017 – Styremøte. Styret vurderer dagleg leiar sitt utkast og gjev føringar for det vidare arbeidet

11.10.2017 – Møte i PFU. PFU vurderer og kjem med innspel.

17.11.2017 – Styremøte. Styret handsamar dagleg leiar sitt utkast med sikte på handsaming i representantskapet i desember 2017.

Oppsummering og vidare arbeid

Formålet med dette notatet er å sette styret i gong med tankane rundt strategiprosessen. Vi er avhengige av at styret er framoverlente i strategiprosessen og har store vyer for selskapet, samtidig som ein har realistiske og gjennomførbare framtidsplanar. For å forsøke forstå meir av kva deltakarkommunane har behov for og ønskje om at KIKS skal gjere, har vi vore i nokre samtalar med økonomisjefar, rådmenn og ordførarar. Kanskje kan deira syn på KIKS vere med på å forme strategiplanen. Styret vil få ei betre gjennomgang av desse samtalanene i styremøtet.

Administrasjonen gler seg til å arbeide med strategiplanen. Strategiplanen er det viktigaste styringsdokumentet vi har i det daglege, og er i svært stor grad dokumentet som legg føringane for om vi har ein spennande og utfordrande arbeidsplass eller ikkje. Vi håpar og trur styret tek ballen, og at vi får ein god prosess med gode diskusjonar og dei beste løysingane for framtida.

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar